

Vedlegg 1

Utvikle nettverk for Trygge lokalsamfunn for å styrke det skade- og ulykkesførebyggjande arbeidet i Vestland – utfyllande tekst til tiltak 1.4.

Denne saka er oppfølging av vedtak i Fylkestinget desember 2020.

«Vestland fylke ser trongen for betre samarbeid om førebyggjande arbeid for å få ned talet på drukningsulykker i fylket. Vestland fylke vil ta førebygging av ulykker på sjøen inklusive drukning, opp i samband med revisjon av handlingsprogram for folkehelse i 2021. Det er naturleg å søkje samarbeid med statlege myndigheiter som har ansvar for tryggleik på sjøen, kommunane og frivillige organisjonar, som til dømes Redningssselskapet, for å nå målsettinga om null drukningsulukker».

Samandrag

- Vestland fylkeskommune etablerer og utviklar nettverk for Trygge lokalsamfunn for å styrke det skade- og ulykkesførebyggjande arbeidet i Vestland, inklusive det drukningsførebyggjande arbeidet.
- Det nye nettverket skal etablerast innanfor etablerte samarbeidsstrukturar regionalt og nasjonalt og samarbeidsformer skal utviklast over tid. Regionalt forum er: Folkehelseforum Vestland og Nasjonalt forum er: Trygge lokalsamfunn/Skadeforebyggjande forum. I dette nettverket er ikkje trafikksikringsarbeidet tenkt inn sidan Vestland har gode etablerte strukturar for dette arbeidet, men andre saksområde på det skadeførebyggjande feltet.
- Samhandling med kommunane om skade- og ulykkesførebyggjande arbeid blir viktig.
- Medlemar er tenkt frå frivillig sektor, kommunane, fylkeskommunen og andre.

Saksutgreiing

Del 1: Bakgrunn og innleiing

Skadeførebyggjande arbeid er eit breitt satsingsområde. Dei regionale folkehelseplanane har mål om førebygging av skader og ulykker. Vi veit at det blir utført mykje godt førebyggjande arbeid i kommunane, i fylkeskommunen, i næringslivet og i frivillig sektor. Fylkestinget ber om auka satsing for betre samarbeid for å få ned talet på drukningsulukker. Fylkeskommunen sine fagavdelingar har ulike verkemiddel som kan takast i bruk i dette arbeidet; som fysiske sikringstiltak, utvikle tilskotsordningar, opplæringsrolla i skulane og rolla som samfunnsutviklar for å bygge og koordinere nettverk. Ingen fylkeskommunale avdelingar har innsats knytt til førebygging av drukningsulykker som hovudarbeidsområde i dag. Vi arbeider målretta med trafikksikring. Når det gjeldt samordna innsats med å førebygge skader- og ulykker på andre innsatsområde enn trafikk er det tidlegare Sogn og Fjordane som har mest erfaringar på dette gjennom nettverket Trygge lokalsamfunn.

Eit viktig spørsmål når fylkeskommunen no skal etablere samarbeidsnettverk for å få ned talet på drukningsulykker, er om vi skal inkludere andre innsatsfelt i dei strukturane som skal etablerast. Fylkesdirektøren har derfor vurdert følgjande:

- Trengs det betre kunnskapsgrunnlag i det skadeførebyggjande arbeidet inkl. drukning?
- Kva behov ser kommunane i det skadeførebyggjande arbeidet?
- Kan etablerte samarbeidsnettverk kan nyttast for å styrke det breie skadeførebyggjande arbeidet?

- Om kunnskapsbehov - drukning

Redningssselskapet lagar drukningsstatistikk. Denne er basert på medieovervaking av alle hendingar i sjø, elv, vatn og basseng der personar omkjem, blir skada eller overlever utan at skade blir registrert. Her er også tal på drukningar på kommune og fylkesnivå. Hendingar der utfall ikkje er kjende o.l. vert sjekka fortløpande med politiet. Informasjon om båtulykker vert samkøyrtd med Sjøfartsdirektoratet. Tala syner at i åra 2018-2021 drukna 48 personar i Vestland. Dei fleste i sjø, men også vatn, elvar og basseng er registrert som funnstad. Flest ulykker skjer for menn over 60 år. Fall og fritidsbåtulykker er oftast årsak. Statistikken kan nyttast til å få meir kunnskap om fatale drukningsulykker, og er tenkt å bidra til meir treffsikre og meir målretta tiltak. Sidan tala frå

redningsskapet er basert på medieomtale, er det ønskeleg for fylkeskommunen å sjå meir på kunnskapsgrunnlaget. <https://www.redningsselskapet.no/drukning/>

- Kunnskapsbehov - andre innsatsområde

Fylkeskommunen har ikkje i dag oversikt over om det er trong for forsterka innsats knytt til det skadeførebyggjande arbeidet i fylket på andre skadeområde. På sikt må det vurderast om det skal arbeidast fram ny oversikt over ulykker, skader, risiko og sårbarheit knytt til lokale tilhøve i fylket. Med eit breiare kunnskapsgrunnlag kan årsakstilhøve og konsekvensar vurderast for å finne fram til treffsikre innsatsområde i det skade- og ulykkesførebyggjande arbeidet.

- Kommunane i det skadeførebyggjande arbeidet

Kommunane har som folkehelsemynde ei viktig rolle. Det er ikkje gjennomført systematisk undersøking av kva behov kommunane i Vestland ser for å styrke det skadeførebyggjande arbeidet. Nokre kommunar - både innlandskommunar og kystkommunar - er kontakta på e-post. Desse er både medlem av Trygge lokalsamfunn, og ikkje medlem av dette nettverket. Kommunane (folkehelsenettverket) har også i samband med møter om handlingsprogrammet, gjeve innspel på ev nytt nettverk. Felles for innspela er at det skadeførebyggjande arbeidet bør inkluderas i eksisterande organisering/nettverk. Om nytt nettverk skal etablerast bør det satsast breiare i det skadeførebyggjande arbeidet utover innsats retta inn mot drukning. Dei som kjenner Trygge lokalsamfunnkonseptet meiner at i dette nettverket vert kommunane følge opp på breidda av satsingsområde.

- Relevante nasjonale og regionale nettverk som samarbeidsarena

Regionalt nettverk - Folkehelseforum Vestland

Folkehelseforum Vestland blei etablert i 2020 som samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i fylket for å styrke samarbeid om utvikling på folkehelsefeltet. Her deltek sentrale FoU-miljø, statlege aktørar, frivillig sektor og kommunane gjennom regionråda. Etter mandatet kan det etablerast arbeidsutval/underutval.

Nasjonale nettverk - Skadeførebyggjande forum og Trygge lokalsamfunn (TL)

Skadeførebyggjande forum

Fylkeskommunen er medlem av *Skadeførebyggjande forum*. Dette er ein uavhengig medlemsbasert interesseorganisasjon med medlemar frå offentleg, privat og frivillig sektor. 6 -7 kommunar i Vestland er til no medlemar. Drukning er eit av fleire fokusområde. Gjennom *drukningførebyggjande råd* deltek sentrale frivillige aktørar som Redningsselskapet og nasjonale mynde som Sjøfartsdirektoratet. *Fokusområde* er: barn og unge, eldre, brann, trafikk, heime og drukning. Forumet kan vere eit godt verktøy i arbeidet med å forsterke innsatsen i det førebyggjande arbeidet i Vestland.

Trygge lokalsamfunn (TL)

Trygge lokalsamfunn er ein kvalitetsstandard for lokal organisering, gjennomføring, dokumentasjon og kunnskapsformidling innan førebyggjande arbeid med vekt på ulykker, kriminalitet og sjølvpåført skade. Samarbeidsmodellen byggjer på tverrsektorielt samarbeid, lokal kunnskap, skadedata, kunnskapsbaserte tiltak og engasjement. Modellen kan integrerast i kommunane sitt plan- og styringssystem. Skadeførebyggjande forum har ansvar for koordinering og utvikling av arbeidet i Trygge lokalsamfunn. Sjå www.skafor.org for meir informasjon.

Del 2: Forslag til organisering av det skadeførebyggjande arbeidet i Vestland

Fylkesdirektøren meiner at samarbeid med ulike aktørar i det skadeførebyggjande området må byggast over tid. Samhandling med kommunane vert viktig.

Fylkesdirektøren rår til at styrking av det skadeførebyggjande arbeidet i fylket inklusive innsats for å førebygge drukning gjennom etablerte regionale og nasjonale nettverk:

- a) regionalt nettverk - Folkehelseforum
- b) nasjonalt nettverk - Skadeførebyggjande forum og Trygge Lokalsamfunn.

Grep a:

Opprette underutval/arbeidsgruppe for Trygge lokalsamfunn under Folkehelseforum

Målsetting:

- Utvikle samarbeidsformer for å styrke det skadeførebyggjande regionale arbeidet - i første omgang knytt opp til vasstryggleik på, i og ved vatn. Overtid utvikle arbeidsfeltet til andre innsatsområde.

- Styrke samordning inn mot folkehelseoversikt og arbeidet med løpande folkehelseoversikt.
- Identifisere behov for felles satsingar i fylket og utvikle ev. satsingar der ulike aktørar bidreg med egne verkemiddel.
- Vere kontaktpunkt til arbeidet i Trygge lokalsamfunn.

Førebels framlegg til medlemsorganisasjonar. Arbeidsutvalet bør ikkje vere for stort.

- Vestland fylkeskommune: 2-3 representantar frå aktuelle fagavdelingar i fylkeskommunen
- Frivillig sektor: lokale representantar til dømes frå Redningssselskapet, Røde Kors ev fleire.
- Kommunane: 2 medlemar
- Nasjonale mynde og andre: Vurdere dette over tid. Sjøfartsdirektoratet er representert i drukningsførebyggjande råd og i Skadeførebyggjande forum.

Medlemar i underutvalet/arbeidsutvalet treng ikkje vere faste medlemar av Folkehelseforum, men utnemnst av Folkehelseforum. Seksjon plan, klima og folkehelse er førebels tenkt til å leie arbeidet.

Når nettverket er etablert kan det vurderast andre modellar.

Grep b:

Styrke samarbeidet nasjonalt gjennom medlemskap i Trygge lokalsamfunn og Skadeforebyggjande forum.

Målsetting:

- Bruke medlemskapen til fylkeskommunen meir målretta ved at fylkeskommunen tek ein meir aktiv koordinerande rolle i fylket enn i dag.
- Styrke kommunane sitt arbeid knytt til tryggleik og folkehelse, og nytte erfaringar og kompetanse i dei kommunane som deltek i nettverket.
- Få delt kunnskap og erfaringar - kompetanse og systemutviklingsstøtte på arbeidsfeltet.
- Få tilgang til utprøvde arbeidsmetodar for å utvikle Trygge lokalsamfunn i Vestland

Økonomi

Etablering av arbeidsutval under Folkehelseforum vert dekkja av fylkeskommunen sitt folkehelsebudsjett Det same gjeld medlemskap for Vestland fylke i Skadeførebyggjande forum/Trygge lokalsamfunn. Her er kostnaden kr. 1500 årleg. Medlemskap i Skadeførebyggjande forum og Trygge lokalsamfunn er frivillig for kommunane. Det bør vere ei målsetting at fleire kommunar i Vestland søker seg inn dei nasjonale nettverka.

Det er ikkje sett av midlar til auka innsats på dette feltet. Fylkeskommunen har ikkje per no oversikt over ev kostnader i framtida. Dette vil avhenge av korleis satsingar vert bygde opp. Det kan overtid vere aktuelt å vurdere økonomiske verkemiddel i arbeidet som del av budsjettprosessar.

Avgrensingar

Fylkeskommunen har god etablert struktur knytt til trafikksikring. Det nye nettverket skal ikkje arbeide med dette saksområdet. Det er ikkje førebels tenkt innsats knytt til sjølvskade, men dette kan vere eit framtidig innsatsområde.